

Avtale

Mellom Meland kommune og eigar av gnr 5 bnr 3 og 158 i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune skal bygge vassleidning frå Fløksand-Beitingen. I samband med anlegget gjev underskrivne grunneigar Meland kommune rett til å leggja vassleidning på eigedomen. Den aktuelle plasseringa av leidningen er synt på vedlagde forstørring av kart i målestokk 1:500. Sameleis får Meland kommune rett til tilkomst til leidningen i anleggstida og tilkomst for seinare inspeksjon, ettersyn og vedlikehald.
2. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
3. Påviselege anleggsskadar på grøfter skal utbetrast så langt dette let seg gjera. Skadar som påviseleg skuldast anleggsarbeidet, har ein kommunal garanti på 5 år. Dersom partane ikkje blir einige om skadane er tilstrekkeleg utbetra, skal ein fagperson frå landbruksforvaltninga i kommunen avgjere saka.

Eventuelle andre påviseleg anleggsskadar på bygningar eller liknande skal utbetrast i den grad det er mogleg. Dersom det praktisk ikkje let seg gjera å utbetra skaden på tilfredstillande måte, skal det gjevast vederlag etter minneleg avtale. Dersom det ikkje vert semje om slik avtale, skal det gjevast vederlag etter anleggskadeskjønn.

4. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningane og kablane utan nærare avtale med Meland kommune. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil infrastrukturen visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegga. Ein føreset at vassleidningen vert lagt med minst 1 m overdekning.
5. Som vederlag for ulemper grunneigaren vert påført ved legginga, bandlegging av arealet og kommunen sin rett til seinare ettersyn, utbetringar og vedlikehald, betalar kommunen ein eingongssum som er sett til følgjande og basert på offisielle gardskart på skogoglandskap.no:

over full- og overflatedyrka mark	kr 25,- per m grøft
over gjødsla beite	kr 15,- per m grøft
over anna jord	kr 2,50 per m grøft

6. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen, kan grunneigar, dersom det er ønskeleg, kontakte Meland kommune for felles synfaring.

7. Denne avtalen kan tinglysast som hefte på egedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane

Stad og dato:.....

Stad og dato:.....

Eigarar av gnr. 5 bnr. 3 og 158

Meland kommune

.....

Arne Gunleiv Haugsvær

.....

Orgnr: 951 549 770

Personnr:.....